

nr. 6 - 2010

PiRion

- kulturavis for barnehagar og skular



Naturopplevingar
frå nærmiljøet har
fått uttrykk.

STAVKYRKJA, WEIDEMANN OG BARNEHAGEBARNA

I alle barnehagane i Ringeby kommune (Oppland) er arbeid med kultur og nærmiljø ein del av kvardagen.

TEKST OG BILDE: TORILL SPERRE

RINGEBU SAMLINGENE

Plakat for Sommarutstillinga 2010



I alle barnehagane i Ringebu kommune (Oppland) er arbeid med kultur og nærmiljø ein del av kvardagen. Arbeidet er basert på ein Reggio Emilia-inspirert pedagogikk, og gjennom barnehageåret arbeidar kvar barnehage/avdeling prosjektorientert.

Ein av familiebarnehagane har gjeve uttrykk for sine Svalbard-inntrykk ved å tove ein isbjørnfamilie.

Resultata frå dei ulike prosjektarbeida er for fjerde året på rad å finne saman med ei rekkje respekterte kunstnarar på sommarutstillinga ved Ringebusamlingane.

RINGEBUSAMLINGANE

Ringebusamlingane held til i den tidlegare prestegarden ved Ringebu stavkyrkje. Prestegarden er mellom anna galleri, og stiftinga Ringebu prestegard står som eigar. Ein del av verksemda er ei sommarutstilling, der publikum kan oppleve profesjonell kunst innan ulike sjangrar. Utstillingane varierar frå år til år, medan to utstillarar er faste. Den eine er kunstmålaren Jakob Weidemann (Weidemann-samlinga), og den andre utstillaren er barnehagane i kommunen.

Temaet for barnehagane si sommarutstilling i 2010 var barn sine opplevingar i naturen.

RINGEBU STAVKYRKJE

Ringebu stavkyrkje er ei av dei eldste i landet, frå om lag år 1200, og særleg for éin av barnehagane har stavkyrkja lenge vore ein stad der ungane har funne inspirasjon og samla inntrykk. Barna sine inntrykk frå stavkyrkja vart samla i ei utstilling i Ringebusamlingane sommaren 2007. Etter det har alle barnehagane i kommunen vore ein viktig del av sommarutstillingane.

BARNEHAGANE

Ringebu barnehage og Fåvang barnehage er kommunale barnehagar (3-6 år), Venabygd montessoribarnhage er ein privat barnehage (3-6 år), og det er mange private familiebarnehagar i kommunen. Alle deltek med resultata frå prosjektarbeida sine på sommarutstillinga.

NATUR, GJENBRUK OG WEIDEMANN

Bileta i reportasjen er frå Sommarutstillinga 2010, der kvar barnehage har sitt eige utgangspunkt innafør det overordna temaet. Barna har teke i bruk ulike teknikkar og materiale for å gje uttrykk for opplevingane sine knytte til naturen, anten det gjeld kunnskapar om Svalbard, eller mautua rett utanfor barnehageporten. Ei mautue som ein dag vart køyrd over av ein traktor (og attpåtil ein John Deere ...).

Ringebu-barnehagane har fått mykje merksemd på grunn av arbeidet sitt med miljøprosjektet REVAR. Sommarutstillinga 2008 fekk nemninga «Kunst er noe man kan lage for å få folk glade. Barnehagebarn lager kunst av



Havet har vore inspirasjonskjelde.

gjenbruksmateriell». I 2009 het barnehagebarna sitt bidrag til sommarutstillinga «Vi er barn av regnbuen vi. En utstilling om farger, regnbuen og barns tolkninger av Jakob Weidemanns bilder».

KVALITET

Barnehagane sine prosjektarbeid slik dei framstår ved Ringebusamlingane, er eit godt døme på pedagogisk forankring i Reggio Emilia-filosofien og gjev ei god framstilling av kunstnariske produkt og arbeidsprosessar. Sjølv om kvar barnehage og den einskilde avdelinga har arbeidd med ulike naturopplevingar, fungerer utstillinga heilskapleg. Utstillinga synleggjer kompetansen, undringa og kreativiteten til barna. Dei flotte kunstkatalogane som barnehagane har gjeve ut, er med på å styrkje opplevinga av utstillingane. Katalogen er profesjonelt utforma og eit kunstverk i seg sjølv. Som ein bonus er katalogane relevant faglitteratur for barnehagetilsette og andre som arbeider med barn og kunst.

BOKMELDINGAR



Av Per Olav Kaldestad
Hilde Kramer
Illustrert av
Hilde Kramer
Cappelen Damm 2010

Med kråkenebb og kråkeføter

Dette er ei diktbok dei fleste kan ha glede av. Forfattar Kaldestad og illustratør Kramer har begge ei sterk interesse for fuglar og dyreliv, noko dei serverer borna på gullfat i denne diktsamlinga.

Her er mange dikt som er rike på bilete, rim, rytme og ordleik. Kor mykje kan ein ikkje få ut av ordet røysekatt? Tøysekatt, føysekatt, slangekatt, slyngkatt og kokekatt for å nemne noko. Og dikta er både morosame og alvorlege. Her er dikt om ekte fuglar og dyr, og om nokre me kanskje ikkje har høyrte om før. Alt saman skrivde i ein leikande lett tone. Den gode rytmen i tekstane gir dei også ein musikalsk, nesten syngande dimensjon.

Illustrasjonane er fargesterke og detaljrike. Ikkje minst utfyller dei tekstane på ein god måte. Og ei blanding av ulike uttrykk, frå reine teikningar til nærmast fotomontasjar gir boka eit spanande og kreativt uttrykk, der borna stadig vil finne noko nytt. Teikningane er ein viktig del av den totale leseopplevinga.

Borna vil også truleg kjenne att mange av fuglane og dyra i samlinga. Kanskje nokon har sett eit ekte ekorn som hoppar frå grein til grein i tre?

Her er dikt for barn i alle aldrar. Og med denne boka blir det høve til å leike seg med både rim og rytme i høgtlesinga.

Judith Sørhus Litlehamar



Av Kari Stai
Samlaget 2010

Blodrik og blodfabrikken

Kari Stai har levert ei ny original biletbok. Blodrik jobbar på Blodfabrikken, som er proppfull av blod og lagar chiliketsjup, neglelakk og julepynt. Og alt saman av blod – sjølvsaft. Dei lagar til og med jukseblod på den spesielle butikken.

Dette er i grunn ei litt spesiell historie, med ei handling som går langt utover det ein kan forvente, og som blir eit reint tankeeksperiment. Ei litt absurd forteljing, der Blodrik produserer bankande hjarta til dei døde hundane som bur på skyene, og myggen fraktar hjarta opp til himmelen før dei regnar ned over byen, som går frå å vere grå til fargerik. Men barna vil truleg akseptere denne tankeleiken på ein heilt naturleg måte.

Også i denne biletboka står ordleiken i sentrum. Her er til dømes blodsukker snop som ein finn i butikane, blodappelsinane heng på trea, og blodfabrikken som fyller blod i blodkar, ligg på toppen av den store blodbøken. Blodrik er sjølv proppfull av blod av typen rhesus eksplosiv, som gjer at han kan eksplodere når som helst. All denne ordleiken kan skape litt avstand til sjølve historia, men for barna er det truleg ein artig inngang til eit litt vanskeleg tema.

Teikningane er det berande i boka. Kari Stai er flink til å illustrere på ein levande måte, med store og levande teikningar med sterke fargar. Fargane byggjer i tillegg opp under vendepunktet i historia, då den grå byen blir fargerik og levande.

Judith Sørhus Litlehamar



Hans Ola 5 1/2 år

"Byne med å lågå havet. Så kom det ei stor bolge. Så skal e' tegne en isbjørn – den er tjukk, har hugn, auge, nåså og bein. E' har glømt å tegne isflaka. Pingviner? – fins det det på Svalbard da? Husse du itte at det var snøugle der. Dette er snøugla. Kå var det det hette at da? Jo, hvalross med skarpe tænn og mange føtter."

Kasper 6 år

"Å der var ei fin blåfarge. Vet du hvordan e' fekk til detta? E' tok litt gul og litt blå."

Døme på dokumentasjon frå prosjektarbeidet i Ringebu barnehage.



www.pirion.no

PIT PARION

Usynleggjering av barn?

Eg har ofte stilt meg undrande til korleis pressa handsamar stoff om barn og kultur, og særleg den kulturen barn skapar og tar del i gjennom barnehagen.

Barnehagen er ein kulturarena og ein naturleg del av lokalsamfunnet gjennom sitt arbeid med nærmiljø og kultur.

Barn og kultur er eit område som generelt får lite merksemd i pressa. I tillegg tykkjer eg koplinga barn-kultur jamt over vert handsama på ein overflatisk måte, ofte i ei nedlatande, respektlaus språkdrakt.



TORILL SPERRE ER:
Førskulelærer/fagleg rettleiar og kulturarbeidar.

No vel eg å tru at den nedlatande tonen ikkje er tilsikta, sjølv om det ikkje er lenge sidan eg såg omgrepet barnehagetante i ei lokalavis. Same journalisten var særst nøye med å gjere greie for ein lokal fotballtrenar sine fotballfaglege kvalifikasjonar.

I riksavisene ser ikkje kombinasjonen barn og kultur ut til å vere aktuelt stoff, om det ikkje er sensasjonsprega eller har noko med ein kjendis å gjere.

Verda og kulturuttrykka til barna vert gjort usynlege og useriøse ved språklege uttrykk som søt og koseleg. Det er ikkje noko gale med å vere korkje søt eller koseleg, men for dei barna det gjeld, har kultur ei meining både i eit stutt og eit langsiktig perspektiv.

Det kan sjølvstøtt vere at barnehagetilsette eller andre barne- kultur-arbeidarar ikkje har klart å få fram budskapet i høve til journalisten. Men uansett kva ei avis vil skrive om, må journalisten ha kunnskap og førebu seg til oppdraget.

Vi lever i eit informasjonssamfunn, der mange vil ha merksemd om eiga sak. Eg vil høglydt forsvare den kritiske journalistikken. I høve til eige fagfelt vil eg mykje heller ha kritiske og godt førebudde spørsmål i staden for at ein skrivande person knipsar nokre bilete og konkluderar med kor artig det er i barnehagen! Det er ofte artig i barnehagen, og det er flott om nokon skriv om kor artig vi har det, dersom det er temaet.

Lokal- og regionavisene er i ei særstilling, da barna og kulturen deira også er ein del av lokalsamfunnet/regionen og det som gjeng fører seg der.

Einkvar redaktør må prioritere og dekke eit breitt spekter for å lage ei god avis. I tillegg har kvar avis eit samfunnsansvar. Dersom ein vel å oversjå barna og kulturen deira, er det òg eit val.

Å usynleggjere barn og handsame det dei er opptekne av, som lågstatus-stoff, seier mykje om verdiar og syn på dei som skal vekse seg inn i samfunnet. Eg finn i denne samanhengen diverre mange døme på at barn som forbrukarar kan vere synlege i pressa, utan at det er satt inn i en kritisk samanheng.

Der nær einkvar vaksen som uttrykker seg kunstnerisk på ein eller anna måte, får omtale i lokalavisa, vert barn oversette og undervurderte.

Dei vaksne vert tekne på alvor anten dei er amatørar eller profesjonelle. Etter mi oppfatning fortener barna og kulturen deira det same.

Heldigvis finn eg unnatak, dyktige journalistar som får fram kva, kven, når, kvifor og korleis også når dei skriv om barn og kultur.

Ole Brum,
Ola Tveiten eller Barbie,
kor hentar barna
opplevingar frå?

PiRion -kurs Les meir på
www.pirion.no

PiRion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og **www.pirion.no**